

MØTEBOK

Organ	Hovudutval for næring og kultur
Møtestad	Sande Kro & Hotell, Gaular
Møtedato	06.02.2018
Kl.	10.00 – 14.15

Faste medlemer til stades:

Karen Marie Hjelmeseter, Sp, leiar
Jakob Andre Sandal, SV
Erlend Haugen Herstad, Sp
Aleksander Øren Heen, Sp
Hilmar Høl, Ap
Torbjørn Vereide, Ap
Anne Lilleaasen, H
Jon Olav Kvamme, KrF

Forfall til møtet:

Marita Aarvik, Frp

Varamedlemer til stades:

Til stades med møte- og talerett:

Fylkesdirektør Jan Heggheim
Ass. fylkesdirektør Ingebjørg Erikstad
Ass. fylkesdirektør Endre Høgalmen

Sekretariat for møtet:

Helga Bjørkhaug

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Hovudutvalet valde Karen Marie Hjelmeseter og Aleksander Øren Heen til å godkjenne møteboka på vegne av organet.

Orienteringar:

- Gaular kommune og aktuelle problemstillingar i Gaular ved ordførar Mathias Råheim og rådmann Atle Fasteland.
- Oppdatering om nasjonalparkområda og om nedslakting av reinsdyrflokken i Nordfjella etter smitte av skrantesjuka, ved seniorrådgjevar Lars Grøteide.
- Harastølen og planar for utvikling av Harastølen til hotelldrift ved administrasjonssjef i Tinfos AS Øyvind Odde, dagleg leiar i Kvåstunet AS Terje Svindland og næringssjef i Luster kommune Olav Grov.
- Innspel til stortingsmelding om kultur / kulturmeldinga ved ass fylkesdirektør Ingebjørg Erikstad.
- Status for kulturplanen og innspel til planprogram ved fylkesbiblioteksjef Siri Ingvaldsen.
- Bedriftsbesøk hjå Maritime Montering AS, Bjørvikstranda, Bygstad.

SAK 1/18 Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar vart lagde fram til orientering:

- 1: Høyring - Utkast til forskrift om kapasitetsøkning for tillatelser til akvakultur med matfisk i sjø av laks, ørret og regnbueørret i 2017/ 2018
- 2: Notat - Utkast til forskrift om kapasitetsøkning for tillatelser til akvakultur med matfisk i sjø av laks, ørret og regnbueørret i 2017/ 2018
- 3: Samarbeidsmodell mellom fylkeskommunane, Innovasjon Norge, SIVA og Forskningsrådet
- 3a: Regional styringsmodell
- 4: Svar - Søknad om medverknad til å restaurera "Maria Suden"
- 5: Svar - Søknad om tilskot - Prosjekt: Fra råvare til matbord
- 6: Forventningar til fylkeskommunen i 2018 innanfor vassforvaltning, friluftsliv og forvaltning av høstbare artar av vilt og innlandsfisk.
- Utvalet ber administrasjonen orientere om fylkeskommunen sine oppgåver og mynde i samband med hjortevilt, i neste møte.**
- 7: Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2017- Prosjekt: Mobilisering for auka produksjon av frukt og bær i Sogn og Fjordane
- 8: Klage på avslag om støtte til restfinansiering av utviding av Eikefjord Tømmerkai
- 9: Vedtak i klagesak - Samfunnshusets venner
- 10: Flora - Søknad om økonomisk støtte til fullskala fotballhall i Florø
- 11: Fjaler - Søknad om midlar til realisering av nye innandørs skytearena i Dale
- 12: Arena Stryn - Søknad om tilskot
- 13: Nytt klatreanlegg i Sogndal
- 14: Driftstilskot fylkeskommunen 2018-2020 til Førde Internasjonale Folkemusikkfestival
- 15: Regional plan for kultur - planprogram
- 15a: Oversikt høyringsuttalar
- 15b: Planprogram

Muntleg orientering:

Torbjørn Vereide orienterte frå møte om Hydrogensatsing og ber vidare om å få ei orientering om status og problemstillingar innan denne satsinga, jf anbod samferdsle.

SAK 2/18 Føringar for verkemiddelbruk 2018 Innovasjon Norge Vestlandet. Oppdragsbrev 2018

VEDTAK:

1. Hovudutval for næring og kultur godkjenner oppdragsbrev til Innovasjon Norge Vestlandet for 2018 slik det ligg føre i vedlegg 1.
2. Hovudutval for næring og kultur godkjenner retningsliner for arbeidsdeling i finansieringssaker for 2018 slik dei går fram av vedlegg 2.

SAK 3/18 Omstillingsstatus og omstillingsløyvingar 2018

VEDTAK:

- 1 Lærdal kommune vert tildelt ei løyving på 2,8 mill kr til omstillingsarbeid i 2018. Midlane vert dekkja med midlar frå næring og kultur sitt budsjett for 2018, tenesteområde 7015 Nyskaping, midlar avsett til omstillingsarbeid. Unyttta løyvingar til Lærdal kommune frå tidlegare år kan overførast til bruk i 2018.

SAK 4/18 Søknad om finansiering: Forprosjekt fase 2 - Måløy Marine Ressurscenter

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

- 1 Sogn og Fjordane fylkeskommune er positive til å etablere eit FoU-senter i Ytre Nordfjor, då dette vil kunne bidra til å styrke den marine næringsklynga i regionen.
- 2 Innhaldet i hovudprosjektet er i tråd med mål og aktivitetar i Regional plan for verdiskaping i Sogn og Fjordane (verdiskapingsplanen).
- 3 Fylkeskommunen vil støtte forprosjektet (fase 2) med omsøkt sum, kr. 400 000. Tilskotet vert dekkja med midlar som er vederlag for kapasitetsauke i oppdrettsnæringa.

Endringsframlegg:

Fylkesdirektøren endra tilrådinga si i siste setning i pkt 3 til:
Tilskotet vert dekkja med disponible restmidlar frå tidlegare år.

Avrøysting:

Samrøystes vedtak.

Dette gir følgjande VEDTAK:

- 1 Sogn og Fjordane fylkeskommune er positive til å etablere eit FoU-senter i Ytre Nordfjor, då dette vil kunne bidra til å styrke den marine næringsklynga i regionen.
- 2 Innhaldet i hovudprosjektet er i tråd med mål og aktivitetar i Regional plan for verdiskaping i Sogn og Fjordane (verdiskapingsplanen).
- 3 Fylkeskommunen vil støtte forprosjektet (fase 2) med omsøkt sum, kr. 400 000. Tilskotet vert dekkja med disponible restmidlar frå tidlegare år.

SAK 5/18 Avtale destinasjonsselskapa 2018-2019

VEDTAK:

- 1 Avtala mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og destinasjonsselskapa vert godkjent slik den ligg føre.

SAK 6/18 Kulturmidlar 2018 - føringar og prioriteringar

VEDTAK:

- 1 HNK tek saka til vitande med dei prioriteringar og presiseringar som er gjort i kapittel 3.
- 2 Prioriteringar og føringar slik desse kjem til uttrykk i kapittel 3 i saka vert lagt til grunn for handsaming av søknader om kulturmidlar saman med eksisterande retningslinjer og reglement.

SAK 7/18 Fylkeskommunalt tilskot 2018 - Førdefestivalen og Norsk Countrytreff

VEDTAK:

- 1 Førdefestivalen får eit tilskot for 2018 på 3,150 mill. kr.
- 2 Norsk Countrytreff får eit tilskot for 2018 på 0,715 mill. kr.
- 3 Fylkeskommunen forventar at vertskommunane held oppe sitt tilskot tilsvarende 10 % av samla offentleg tilskot.
- 4 Budsjettdekning teneste 7720 Kunstproduksjon.

SAK 8/18 Prioriteringar for kulturminneforvaltninga 2018

VEDTAK:

Hovudutval for næring og kultur rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune tek brevet frå Riksantikvaren av 24.11.17 om prioriteringar for kulturminneforvaltninga i 2018 til vitande.
2. Fylkeskommunen føreset at staten kompenserer for dei oppgåvene som vert overførte frå Riksantikvaren.
3. Fylkeskommunen vil, i årets budsjett- og økonomiplanprosess og parallelt med at nye oppgåver vert vedteke overførte frå staten/Riksantikvaren, vurdere eigen kompetanse og bemanning på området. Vi vil i dette arbeidet halde naudsynt kontakt med Hordaland fylkeskommune.

